



Hagetunet er delvis innflytta. (Foto: Torfinn Myklebust)

Dei fire første bustadene er teken i bruk i nybygget til Hagetunet - der Hagesenteret i si tid var. Fleire brukarar er berre flytta over vegen frå Myro. Seinare kjem det fleire bustader. Utanom er det gjort plass til helsebasen, som også har vore i Myro.

Gunnvor Ness, som er ein av dei som har vore heldig og fått flytta inn seier til Kvinnheringen at ho er godt nøgd med bustaden og utsikta. Ho likar å sjå ned på ungane i barnehagen når dei er ute og leikar.

I personalbasen innan pleie og omsorg er det 14 årsverk i Hagetunet, seier gruppeleiar Line Soltveit Taranger. Dei har fått betre og romslegare plass.

Men det er slett ikkje slutt med byggjinga i dette området. Resten av bustadane skal vera ferdige utpå vinteren og til våren. Så det vil auka på med talet på dei som som bur i sentrum av Uskedalen.



Arbeidet med Hagetunet går raskt framover. (Foto: Torfinn Myklebust)